



Dan Stephan Kaland
Møllefaret 46B
0750 Oslo

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2603 - 22/23766

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
24.03.2022

Løyve til seksjonering gbnr 134/348 Hilland

Administrativt vedtak: Saknr: 344/22

VEDTAK:

Med heimel i §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, godkjenner Alver kommune søknad om oppdeling i 2 eigarseksjonar for gnr 134. bnr 348, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-2 er bustadseksjonar, der begge seksjonar har sameigebrøken- 1/2. Begge seksjonane har tilleggsareal B i form av bodar utanfor hovuddel til seksjonen.

Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med delelinje midt i vertikaldelt 2-mannsbustad.

Alt uteareal på eigdommen er fellesareal for begge seksjonseigarane.

Seksjoneringa av eigdommen gbnr 134/348 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Lov om eigarseksjonar §§ 16 og 17.

Saka gjeld

Kommunen har motteke søknad, datert 11.03.22, om seksjonering av eigdommen gbnr 134/348 med adressene Leitet 18A,B.

På eigdommen er det gitt løyve til oppføring av vertikaldelt 2-mannsbustad.

Vurdering

Søknad om seksjonering er innsendt i 2 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart som tydeleg viser eigedomsgrensar og parkeringssituasjonen. Situasjonsskart er redigert med påføring av teksten fellesareal og seksjonnummer 23.02.22
- Plan-/ fasadeteikningar (3 vedlegg) av bustadbygget over 1. plan og 2. plan. Teikningane er påført T1 og T2 for utvendige bodar, etter fullmakt frå eigar.
- Vedtekter (forslag til) for sameiet gnr. 134. bnr 348, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter. Det er sendt inn merknad om at teksten i pkt 3a) skal endrast til « Styret skal bestå av to personar, ein frå kvar seksjon.»
- Søknaden er sendt inn og signert av eigar Dan Stephan Kaland.

Kommunen har etter fullmakt påført T1, og T2 i skjemaet søknad om seksjonering i pkt 4.

Etter gjennomgang av søknad med påføringar-etter fullmakt, og vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Gebyr

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 4.1.1 er gebyret for 2-4 seksjonar kr 12.300,- + tinglysingsgebyr kr 585,-

Regelverk

Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/2603»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om seksjonering gbnr 134-348- Godkjent

Situasjonskart seksjonering gbnr 134-348

Planteikningar bygg seksjonering gbnr 134-348

Mottakarar:

Dan Stephan Kaland

Møllefaret 46B

0750 Oslo